

Til

Deg som var bøssebærer i 2019
Skulane og barnehagane i Sogndal kommune
Lag og organisasjonar
Kommunestyret og dei kommunale råda med varamedlemmar



TV-aksjonen NRK 2020 – Eit hav av moglegheiter

TV-aksjonen 2020 går til WWF og deira arbeid for å hindre plast i havet. Aksjonsdagen er søndag 18. oktober.

Havet er fantastisk!

Kvart år havnar åtte millionar tonn plast i havet. Plasten er eit trugsmål både mot dyrelivet og menneska. Heldigvis kan vi løyse dette. Vi skal støtte konkrete tiltak som reduserer plastutsleppa og saman ta vare på verdshava.

Vi starter der problema er størst: Ein firedel av plasten i havet kjem frå Sørøst-Asia. Difor er midlane frå TV-aksjonen 2020 øyremerka tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand.

TV-aksjonen skal hindre plast i havet gjennom å etablere og forbetre eksisterande avfallssystem for meir enn 900 000 menneske. Saman med lokalsamfunna, styresmakter og næringsliv skal vi redusere utslepp av plast til elver og hav med 7000 tonn årleg. Vi skal samle inn og resirkulere søppel, redusere bruken av plast og arbeide for å nå målet om null plast på «ville vegar» i 2030.

Bli digital bøssebærer!

Kommunekomiteen i Sogndal oppmoder deg/din organisasjon/din arbeidsplass til å vere med på å hindre plast i havet og støtte TV-aksjonen 2020. Del informasjonsmateriell, arranger strandryddeaksjon eller ha loddsal til inntekt for TV-aksjonen. Bli med på den største dugnaden i landet og bli digital bøssebærer:

- Registrer deg på blimed.no
- Gjer bøssa di personleg (tips finn du på blimed.no)
- Del i nettverket ditt

Meir informasjon:

- <https://blimed.no/tv-aksjonen-nrk/tv-aksjonen-2020/>
- For skulane: blimed.no/skole
- For arbeidslivet: blimed.no/næringsliv
- Innsamlingsrådet til NRK krev at mottakarorganisasjonen er godkjent hjå Innsamlingskontrollen. Les sak fra Innsamlingskontrollen [her](#).

Venleg helsing kommunekomiteen i Sogndal 2020

Arnstein Menes, Gunnhild Bøyum, Frode Bøthun, Karen Marie Hjelmseter, Henny Kristin Asperanden Navarsete, Trude Risnes, Svein Jarle Slinde, Bjarte Stedje og Vibeke Johnsen